

Saksnr 12/18	Utval Komité for næring, miljø og kultur	Møtedato 02.05.2018
27/18	Kommunestyret	24.05.2018

## REVIDERT LANDBRUKSPLAN FOR STORD OG FITJAR

### Framlegg til innstilling:

Stord kommunestyre viser til utkast til «Landbruksplan for Stord og Fitjar 2017 – 2025» og vedtek planen slik han ligg føre.

Saksprotokoll i Komité for næring, miljø og kultur - 02.05.2018

### Innstilling

Stord kommunestyre viser til utkast til «Landbruksplan for Stord og Fitjar 2017 – 2025» og vedtek planen med slikt tillegg:

- Kommunestyret vil understreka dei positive effektane av bynært landbruk for folkehelse og trivnad, og vil i anna plan- og utviklingsarbeid ta særskilt omsyn til samspelet mellom landbruk, byutvikling og naturopplevingar.

### Handsaming

Innleiinga Samrøystes tilrådd  
Kulepunkt Tilrådd med 8 mot 2 røyster (H og Frp)

\* \* \*

Silje Vatna, Sp kom framlegg til nytt kulepunkt slik det ligg føre i innstillinga.

\* \* \*

Silje Vatna, Sp kom med framlegg til følgjande kulepunkt som fall:

- Kommunestyret ynskjer ein nullvisjon for omdisponering av dyrka mark i Stord kommune, der målet er at dyrka mark ikkje skal omdisponerast til andre føremål.

Framlegget fekk 4 røyster (Sp, Sv og Susan Abdallah, Ap)

Saksprotokoll i Kommunestyret - 24.05.2018

## **Vedtak**

Stord kommunestyre viser til utkast til «Landbruksplan for Stord og Fitjar 2017 – 2025» og vedtek planen med slikt tillegg:

- Kommunestyret vil understreka dei positive effektane av bynært landbruk for folkehelse og trivnad, og vil i anna plan- og utviklingsarbeid ta særskilt omsyn til samspelet mellom landbruk, byutvikling og naturopplevingar.
- Kommunestyret ynskjer ein nullvisjon for omdisponering av dyrka mark i Stord kommune, der målet er at dyrka mark ikkje skal omdisponerast til andre føremål.

## **Handsaming**

Innleiing med første kulepkt vart samrøystes vedteke  
Andre kulepkt vart vedteke med 29 mot 6 røyster (Frp og Sverre Olav Svarstad og Nina Østensjø, begge H)

\* \* \*

Bente Bjelland, Ap kom med framlegg til andre kulepunkt slik det ligg føre i vedtaket.

**Rådmannen, 22.03.2018**

### **Dokumentliste**

S	01.04.2014	Oppstart, revisjon av Landbruksplan for Stord og Fitjar
X	06.05.2014	Særutskrift - Oppstart, revisjon av Landbruksplan for Stord og Fitjar
S	03.04.2017	Landbruksplan for Stord og Fitjar 2017-2025
X	28.03.2017	Landbruksplan for Stord og Fitjar 2017-2025
X	09.05.2017	Revidert "Landbruksplan for Stord og Fitjar 2017-2025" - versjon 8. mai 2017
X	01.06.2017	Særutskrift Landbruksplan for Stord og Fitjar 2017-2025
S	22.03.2018	Revidert landbruksplan for Stord og Fitjar

### **Vedlegg**

Landbruksplan for Stord og Fitjar 2017 - 2025

Vedlegg

- 1 Landbruksplan for Stord og Fitjar 2017-2025 - 8 mai

### **Innleiing**

Komite for næring, miljø og kultur gjorde i møte den 31.05.2017 vedtak om å leggja utkast til revidert landbruksplan ut til høyring. Planen vart lagt ut på både kommunar sine nettsider, og høyringa vart kunngjort gjennom bladet Sunnhordland. Høyringsfrist var 10.08.2017.

### **Saksutgreiing**

Oppstartsvedtak for revisjon av landbruksplanen vart gjort av NMK den 30.04.2014. Den gjeldande planen, som var vedteken i 2005, var mogen for revidering grunna endringar i landbruket sine juridiske og politiske rammevilkår og grunna endringar og utfordringar i samfunnet som landbruket er del av.

Landbruksplanen er utarbeidd som ein temaplan, og skal vera eit sektorinnspel til kommuneplanen. Eit viktig føremål er å leggja til rette for ei landbruksforvaltning som er tilpassa dei lokale tilhøva.

Landbruksorganisasjonane i dei to kommunane har vore aktive deltakarar i styringsgruppa, og ein har knytt til seg kompetanse frå Norsk Landbruksrådgivning Vest i arbeidet.

Det er ikkje registrert innkomne merknader til planen.

### **Vurdering**

Oppstartsvedtaket ligg til grunn for strategien i planarbeidet, og form og innhald byggjer på dette mandatet.

Det er vesentlege endringar i dei landbrukspolitiske føringane i høve til stoda då gjeldande plan vart utarbeidd. Desse har ein teke inn i planen, og hovudtrekk frå den siste stortingsmeldinga om landbruket, vedteken 25.04.2017, er omtalte.

Landbruksplanen omtalar lovgrunnlagt med aktuelle endringar, og orienterer om arealressursar og jordvern. Her er det eit større fokus enn tidlegare etter at den nye jordvernstrategien vart vedteken i 2015. Planen gjer greie for lokale tilhøve innan jordbruk, skogbruk, økologisk landbruk og tilleggsnæringar. Viktige kapittel er også bynært landbruk, miljø og klima og kulturlandskap. Planen har tilvisingar til aktuelle dokument og regelverk, og desse ligg som aktive koplingar i den elektroniske utgåva av planen.

Den reviderte landbruksplanen har fanga opp endringar og politiske signal innan sitt område, og vil vera eit nyttig verktøy i forvaltninga av dei to kommunane.

### **Økonomiske konsekvensar**

Eit sterkt landbruk står for stor verdiskaping i samfunnet, både direkte og gjennom ringverknader for andre næringar.

### **Miljømessig konsekvens**

Landbruksplanen omhandlar mellom anna miljø- og klimatiltak.

### **Folkehelse**

Landbruket som råvareleverandør bidrar til sunn og kortreist mat. Velstelte kulturlandskap og utmarksområde er eit fellesgode som også fremjar god helse.

### **Universell utforming**

Ikkje direkte relevant

### **Beredskap**

Produksjon av mat og vedlikehald av jordbruksarealet er ein svært viktig del av beredskapen.

### **Konklusjon, alternativ tilråding**

Rådmannen rår til at Landbruksplan for Stord og Fitjar 2017 – 2025 vert vedteken slik han ligg føre